

Rutine for datasikkerheit ved registrering i SOReg

Alle opplysingar som vert lagt inn i registeret reknast som teiepliktige helseopplysingar, og personvernforordninga og helselovgevinga stiller strenge krav til behandling av desse.

Generelt skal ein følgje dei retningslinjer som gjeld for IKT-sikkerheit ved det enkelte helseføretak.

For å ivareta sikkerheita ved registrering ligg der to automatiske sikkerheitsmekanismar i datasystemet: automatisk avlogging av datamaskina når den har stått urørt ei viss tid (vanlegvis 5-10 minutt), og automatisk avlogging av registeret (etter 3 timar).

Den enkelte som legg inn data i registeret er også pliktig til å aktivt hindre at uvedkomande får tilgang til personopplysingar som vert lagt inn i registeret.

Samtykke

Før det vert lagt inn opplysingar om ein pasient i registeret, skal samtykkeskjema vere signert og lagra forsvarleg (i forsingssserver eller på kontor i låst skap). Ved å klikke «ja» på spørsmål om samtykke har du eit juridisk og etisk ansvar for at samtykkeskjema er tatt i mot og lagra.

Pålogging og avlogging i registeret

Du er personleg ansvarleg for at:

- Ditt personlege brukarnamn og passord til registeret ikkje vert oppgitt eller lånt ut til andre.
- Du ikkje legg inn opplysingar med nokon annan sin brukartilgang.
- Passordet til registeret består av minimum 8 teikn, og ikkje er lett å knytte til deg som brukar.
- Passordet til registeret helst ikkje blir skrive ned (og om ein må skrive det ned for å hugse det, må det lagrast forsvarleg).
- Du snarast byter passord om det er mistanke om at andre er blitt kjent med det.
- Du brukar passordbeskytta skjermsparer (ctrl+alt+del) når du går ifrå datamaskina og er innlogga i registeret.
- Du logger av registeret, samt ditt område på datamaskinen, før du lar andre bruke datamaskina.